



Utv.saksnr	Utval	Møtedato
27/20	Formannskapet	09.06.2020
45/20	Kommunestyret	23.06.2020

## Reguleringsplan for Gjendeosen - Reinsvangen - sluttbehandling og godkjenning

### Vedlegg:

- 1 Føresegner 2020-04-02
- 2 ROS-2020-04-01
- 3 Planomtale 2020-04-02
- 4 R-01-F13\_plankart

### Saksframlegg:

Detaljregulering for Gjendeosen - Reinsvangen var på høyring i perioden 14.6 - 12.8 2019. Planforslaget er utarbeidd av konsulentfirmaet Structor på vegne av Statens vegvesen Turistvegseksjonen.

Det kom i høyringa 9 uttaler. NVE, Fylkesmannen og Fylkeskommunen fremma motsegn knytt til formelle feil og manglar i planforsлага innafor sine fagområde. Alle uttalene er referert i dette saksframlegget saman med administrasjonen sin kommentar til kvar uttale.

Vågå kommune har hatt dialog med forslagsstillar om nødvendige presiseringar i planen og motteke justert forslag til detaljreguleringsplan

Hovudføremålet med planendringa er i hovudsak å endre bruplassering over Gjendeelva, planavklare planlagt løysing for vatn- og avløp på Gjendeosen og planavklare i forhold til endra utforming og plassering av servicebygg (terminalbygg) på Gjendeosen, samt redusere p-areal på vassdragsnært areal på Reinsvangen. Byggetrinn 1 er realisert. Planendringa skal gje nødvendig planavklaring for byggetrinn 2.

Justert forslag til detaljregulering for Gjendeosen – Reinsvangen består av følgjande dokument:

1. Plankart
2. Føresegner
3. Planomtale
4. ROS-analyse
5. Vasslinebereking
6. SOSI-fil (digital kartfil)

Alle dokument er oppdaterte etter offentleg ettersyn for å imøtekome innkomne merknader. Det kom til saman 9 høyringsuttaler til planforslaget. Alle uttalene er siterte i dette brevet avslutningsvis, og administrasjonen har her gjeve sine kommentarar til kvar uttale. Forslagsstilla har i oppdatert planomtale kap. 3.7 gjort ei oppsummering av hovudpunktene i uttalene og justeringar i planen som følge av merknadene. Alle presiseringar/endringar i føresegne er vist med gul farge i teksten.

Det er gjort endringar i planforslaget for å imøtekome motsegner og for å imøtekome innkomne høyringsuttaler. Det er ikkje gjort endringar som går utover dei rammer som låg i planforslaget som var ute til offentleg ettersyn. Det er ikkje brakt inn nye element i planforslaget. Det er gjort enkelte presiseringar der ein meiner det har vore nødvendig. Eit døme på presiseringar som er gjort, er for område N1 (tenestebustad) på Reinsvangen der maksimal mønehøgd er noko redusert og det er sett krav om at totalt bruksareal blir fordelt på minimum 2, og maksimum 6, bygningar. Grunngjevinga for dette er landskapsomsyn. Planomtalen viser ei skisse for mogleg utbygging av området, utarbeidd av Turistvegprosjektet. Fastsett bruksareal går ikkje ut over ramma som var sett ved første gongs høyring, og handlingsrommet er ikkje auka. Ut frå dette vurderer vi det slik at presiseringar som dette ikkje utløyer krav om nytt offentleg ettersyn. Justeringane/suppleringane i planen er gjort for å imøtekome innkomne merknader og motsegner.

2. mai 2020 sendte Vågå kommune justert planforslag til Fylkesmannen i Innlandet, Oppland fylkeskommune og NVE ettersom dei hadde motsegn til planforslaget ved 1. gongs offentleg ettersyn. Dei har alle bekrefta at grunngjevinga for motsegnene fell bort etter at planen er justert. Det har ikkje kome merknader på at justeringane i planen er av ein slik karakter at det utløyer eit nytt offentleg ettersyn. Planen kan difor leggjast fram til sluttbehandling og godkjenning.

Oppsummering av innkomne uttaler og kommentarar til desse er gjeve under:

### **1. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen:**

"Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen viser til tidlegare uttale i sak 4/2017, der det m.a. vart påpeikt at det må vera «ei tydeleg kopling mellom serviceanlegget ved brygga og turstigen langs Gjende som går inn i nasjonalparken. Ein må uansett rekne med at folk vil trekke ned mot vatnet, og ein opparbeidd gangtrase langs stranda med kopling til eksisterande turrute med naturstig langs Gjende bør innarbeidast i planen.»

Det reviderte planforslaget er vist med ein slik gangveg, men servicebygget/ terminalbygget er nå trekt så lang ned i vasskanten at det vil hindre fri ferdsel langs vassdraget, sidan stigen på utsida vil stå under vatn ved høg vasstand. Plassering av det nye terminalbygget bør difor justerast, slik at ein sikrar fri passasje på utsida av bygget – også ved høg vasstand. Det bør også tilretteleggast med eit romslegare areal ut mot Gjende for opphold, leik og fisking, for å gje ei naturoppleving også til dei som berre er på kort besøk i randsonen til nasjonalparken.

Gjende – med Besseggen som trekplaster – er den mest nytta innfallsparten til Jotunheimen nasjonalpark, og det er viktig at opplevinga av naturen blir tydeleg kommunisert overfor besøkande til verneområdet. Det arkitektoniske uttrykket bør ikkje overdøyve eller svekke opplevinga av naturen, og den tverrstilte plasseringa av nytt servicebygg kan i verste fall framstå meir som eit stengsel enn som ein invitasjon inn mot nasjonalparken.

Det er beklageleg at terrenginngrepet med reinseanlegg sør for Gjende likevel ikkje blir tilbakeført til LNF-område, slik det er vist i gjeldande reguleringsplan frå 2012. Med den valde løysinga i revidert planforslag vil det vera svært viktig at driftinga av reinseanlegget i det veglause området blir utført på ein skånsam måte, slik at det ikkje oppstår nye inngrep som utviding av slamlaguner eller skjemmande køyrespor i eit område som ligg tett opp mot nasjonalparksgrensa. Dette området i randsonen til nasjonalparken har også kulturminne og eit verdifullt kulturmiljø som bør skjermast mot nye inngrep i landskapet.

Kommentar:

I justerte skisser er det vist gangtrase langs strandlina, og denne er kopla til eksisterande turrute langs Gjende. Utover denne gangtraseen er det ikkje lagt opp til areal for opphold mellom terminalbygget og strandlina. Ved utlegging til offentleg ettersyn la kommunen vekt på at allmenta sine interesser knytt til strandsona måtte ivaretakast betre. Bygget er nå trekt ca. 5 meter lenger bort frå strandona, og ferdsel i strandsona forbi bygget er betre sikra. Planlagt VA-løysing vil reinseteknisk vere beste løysing ut frå dagens situasjon. Det går av planomtalen fram at det er behov for å gjere nokre tiltak knytt til laguneområdet. Nødvendige tiltak i samband med drift og vedlikehald, må utførast på ein mest mogleg skånsam måte, slik det er presisert frå nasjonalparkstyret.

## **2. NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat)**

"...)

NVEs vurdering av sikkerhet mot *flom*:

*NVE mener det faglige grunnlaget for å dokumentere tilstrekkelig sikkerhet mot en 200-års flom er mangelfullt. Måleserien er kort, og den har ikke med seg de siste 28 årene. Dette er en klar mangel og svakhet i vurderingene, fordi for eksempel nedbørsmønster har vist klare endringer de siste 20 årene. Det vises deretter til flommen i 2011, som den høyeste vannstanden noen husker. Dette holder heller ikke som dokumentasjon på tilstrekkelig sikkerhet mot flom, jf. konkrete sikkerhetskrav gitt i byggeteknisk forskrift for byggverk i sikkerhetsklasse F2 med en betydelig verdi. Plankartet mangler faresone flom med nødvendige bestemmelser som ivaretar sikkerhetsklasser og sikkerhetskrav gitt i byggeteknisk forskrift, jf. pbl §§ 12-5 og 12-6.*

*NVE fremmer **innsigelse** til planen inntil en faglig etterprøvbar utredning av reell flomfare er gjennomført, og denne utredningen gir føringer for tilstrekkelig og riktig bruk av hensynssoner og bestemmelser. Dette er nødvendig for at tilstrekkelig sikkerhet er dokumentert i tråd med sikkerhetskrav gitt i byggeteknisk forskrift.*

### Skred

*Potensielt skredutsatt areal ligger i utkanten av planområdet. Vi savner en avklaring av om aktsomhetsområdet for skred omfattes av planområdet. NVE anbefaler at dette omtales og at sikkerhet mot skred avklares i planen i tråd med gjeldende sikkerhetskrav gitt i byggeteknisk forskrift og pbl § 12- og 12-6.*

### Ny bru over Sjoa

*Bestemmelser til denne: Det er ikke gitt bestemmelser, eller gjort utredninger som avklarer vassdragstekniske forhold knytta til plassering og utforming av ny bru.*

*NVEs vurdering:*

*NVE mener det må gis bestemmelser som sikrer faglig utredning av plassering og utforming, slik at bruha blir plassert vassdragsteknisk tilfredsstillende for å hindre erosjon og ugunstige endringer i flom- og strømningsforhold. Samt at bruha dimensjoneres for å kunne ta unna for en 200-års flom + 20% klimapåslag.*

*NVE fremmer **innsigelse** til planen inntil det tas inn en bestemmelse som ivaretar disse forholdene.*

### Vannuttak

*I plandokumentene heter det følgende: «På Reinsvangen vert det lokale løysingar med vassforsyning frå grunnvatn, og slamavskiller med infiltrasjonsanlegg og tett tank for avløp.*

*Vassforsyning til Gjendesheim og Gjendeosen vert basert på eit felles, nytt vassverk ved Gjendesheim. Primærkilde er vatn frå Gjende, sekundærkilde er ein borebrønn i fjell ved Gjendesheim turisthytte.»*

#### *NVEs vurderinger:*

*Det er ikke angitt volum på vannuttak fra vannkilder. Bestemmelser og lovavklaringer til dette er gitt i bestemmelsenes § 3.6. NVE minner om at vannuttak ut over grunneiers egenhushold og vannuttak fra grunnvannskilder krever lovavklaringer i forhold til vannressurslovens bestemmelser. Ev. behov for uttak fra grunnvann og forhold rundt vannuttak fra brønner er ikke beskrevet og vurdert i planen, og vi minner om at all brønnboring skal meldes til NGU, jf. vannressursloven § 46 og forskrift om oppgaveplikt ved brønnboring. Et samlet vannuttak på over 100 m<sup>3</sup>/døgn er meldepliktig til NVE, jf. vannressursloven § 45 tredje ledd. Uttak fra overflatevann krever også lovavklaringer dersom allmenne interesser kan bli berørt, jf. vannressursloven § 8 vedr. konsesjonsplikt.*

*NVE fremmer **innsigelse** til planen inntil planbestemmelsene tar inn bestemmelser som krever lovavklaringer etter vannressursloven og forskrift om oppgaveplikt ved brønnboring før arbeidet med vannforsyningasanleggene igangsettes.*

#### Konklusjon

*NVE mener planen ikke ivaretar nasjonale og vesentlig regionale interesser knytta til NVEs ansvarsområder når det gjelder følgende forhold:*

- *Flomfare: NVE fremmer innsigelse til planen inntil en faglig etterprøvbar utredning av reell flomfare er gjennomført. Denne utredningen skal gi føringer for tilstrekkelig og riktig bruk av hensynssoner og bestemmelser. Dette er nødvendig for at tilstrekkelig sikkerhet er dokumentert i tråd med sikkerhetskrav gitt i byggteknisk forskrift.*
- *Brukryssing: Det må gis bestemmelser som sikrer faglig utredning av plassering og utforming, slik at bruа blir plassert vassdragsteknisk tilfredsstillende for å hindre erosjon og ugunstige endringer i flom- og strømningsforhold. Samt at bruа dimensjoneres for å kunne ta unna for en 200-års flom + 20% klimapåslag. NVE fremmer innsigelse til planen inntil det tas inn en bestemmelse som ivaretar dette.*
- *Vannforsyningasanlegg: NVE fremmer innsigelse til planen inntil planbestemmelsene tar inn bestemmelser som krever lovavklaringer etter vannressursloven og forskrift om oppgaveplikt ved brønnboring før arbeidet med vannforsyningasanleggene igangsettes. Dette er nødvendig for å tilfredsstille lovkrav gitt i vannressursloven og forskrift om oppgaveplikt ved brønnboring.*

#### *Faglig råd:*

*NVE anbefaler at man avklarer skredfare i tråd med sikkerhetskrav gitt i byggteknisk forskrift i plandokumentet. Enten ved at området med potensiell skredfare faller utenom planområdet, eller ved at potensielt skredutsatt areal vises som hensynssone skred med bestemmelser som ivaretar sikkerhetskravet i byggteknisk forskrift.*

#### *Kommentar:*

Turistvegprosjektet har ved vasslinebereking utført av Norconsult ivareteke kravet om flomsonekartlegging. Faresone for 200-års flom med klimapåslag er nå innlagt i plan som omsynssone med tilhøyrande for flom. Dersom det skal kunne byggast F2-tiltak innafor denne sona, må det prosjekterast og byggast tilfredsstillende flomsikringstiltak før bygging kan starte. NVE sine krav vedr. brukryssing og vannforsyningasanlegg er kommentert av forslagsstillar. Når det gjeld vannforsyningasanlegget, krev NVE at føresegne sikrar lovavklaring etter vannressurslova før nye uttak kan igangsettast. Dette gjeld også endring av gamle/eksisterande uttak. Føresegne er supplert

for å ivareta dette. Med desse justeringane legg ein til grunn at grunnlaget for motsegnene fell bort slik at kommunen kan eigengodkjenne planen. NVE har i brev datert 7. mai 2020 bekrefta at grunngjevinga for NVE sine motsegn fell bort etter at planen er justert. Planen kan dermed leggast fram for sluttbehandling og godkjenning.

### 3. Fylkesmannen i Innlandet

"Våre innspel ved oppstart er følgd opp på mange område. Når det gjeld nøyaktig plassering og utforming av bruva er detaljane her ikkje på plass, men skal greiast vidare ut og avklarast seinare. Vi meiner dette primært burde vore avklart gjennom føreliggjande planprosess. Det er likevel positivt at ein i planføresegnene, pkt. 8.5, legg til rette for eit minimum av utgreiingar og høyring av framlegg, når det er klart. Reguleringsplanen legg til rette for ei avlaupsløysing som knyt seg til eksisterande anlegg for Gjendesheim og deira infiltrasjonsanlegg. Dette er basseng på andre sida av osen, sørvest for Gjendesheim. Fylkesmannen er svært oppteken av at det blir etablert gode, langsiktige løysningar for avlaup i området. Primært ønskjer vi heilsakplege vurderingar og løysningar knytt til samla avlaup og forureining frå all aktivitet ved Gjendesheim, Maurvangen, Hoskelie samt evt. Også Bessheim/Øvre Sjodalsvatnet. Vi viser til tidlegare kontakt i denne saka og oppmodar Vågå kommune om å følgje opp dette. Vidare reknar vi med at endra føresetnad og auka pe i anlegget også kan gje ny søknad om utsleppsløye og ny høyring. Vi kjem evt. attende til utdjupande kommentarar på forureiningsområdet i ein slik prosess. Tiltakshavar, saman med kommunen, må uansett vurdere kapasitet og funksjon for avlaupsanlegget der ein nå legg til rette for auka tilførsel. Elles viser Fylkesmannen til fråsegn frå nasjonalparkstyret og støttar denne. Vi viser her særleg til punktet om manglende avstand til Gjende for terminalbygget/ servicebygget som m.a. kan hindre ferdsel og behovet for å visualisere utsikt frå bryggeområdet mot Gjende (vestover).

#### Samfunnstryggleik:

Det er utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalyse for reguleringsplanen. I følgje denne er det ikkje funne farar eller uønskte hendingar som krev tiltak eller endringar i planen.

I høve til analysen er planområdet ikkje utsett for elveflaum, men det blir likevel i kommentarfeltet vist til at dimensjonering i forhold til flaumnivå i Gjende/Sjoa er omtalt i planskildringa, punkt 5.1.4. Det blir også vist til at dette må ein ta omsyn til ved bygging av ny bru over Sjoa.

Flaumutsett område er ikke markert som omsynssone i plankartet. Etter plan- og bygningslova, § 12-6, skal potensielle fareområde visast i plankartet som omsynssoner med tilhøyrande føresegner. Planskildringa opplyser at det ikke er utarbeidd flaumsonekart for området og at det derfor ikke er grunnlag for å vurdere fare for flaum. Det blir i staden vist til målingar i perioden 1966 – 1990 og at flaumen i 2011 var på kote 985,4, som då var midt på rundkøyringa ved Brygga.

På bakgrunn av dette er inngang og golv i det nye terminalbygget planlagt på kote 986,0.

Fylkesmannen minner om at det er 200-årsflom med nødvendig margin som skal leggjast til grunn ved markering av omsynssoner for flaumfare i arealplanar. På grunn av manglende markering av flaumutsett område som omsynssone, har Fylkesmannen **motsegn** til planen. Vi viser her til § 12-6 i plan- og bygningslova og DSBs Retningslinjer for Fylkesmannens bruk av motsegn for å ta vare på samfunnstryggleik i arealplanlegginga, kapittel 4. Kriterium for motsegn, Reguleringsplanar.

Vi legg til grunn at det blir innhenta fråsegn frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) slik at faglege spørsmål knytt til flaum og flaumhøgder i planområdet blir ivareteke."

#### Kommentar:

Da reguleringsplan for Gjendeosen-Reinsvangen vart vedteken i 2012 var det lagt opp til heilsakplege VA-løysningar på eit større område. Manglende finansiering av ei slik VA-løysing og usikkerheit i framdrifta i byggeprosjektet førte til at andre aktørar har måtta løyse sine behov/krav lokalt. Det er i dag rusta opp/etablert eigne separate anlegg både for Maurvangen camping, Bessheim, Gjendebåten sitt nye garasje- og tenestebustadanlegg ved fv. 51 samt separat anlegg på Reinsvangen. For Hoskelia

er det igangsett revisjon av reguleringsplan der del av formålet med planrevisjonen er å opne for høg standard. Grunnlaget for samla avlaupshandtering for eit større område er såleis ikkje lenger tilstade. Kommunen har motteke søknad om utsleppsløyve, og prosess/behandling av denne blir avventa til det ligg føre godkjent revidert detaljplan for området. Med bakgrunn i flomsonekartlegging og innlegging av omsynssone for flom med tilhøyrande føresegner, bør grunnlaget for motsegn falle bort. Fylkesmannen i Innlandet har i brev datert 6. mai 2020 bekrefta at grunngjevinga for Fylkesmannen sine motsegn fell bort etter at planen er justert. Planen kan dermed leggast fram for sluttbehandling og godkjenning.

#### **4. Oppland fylkeskommune**

##### **"1. Brukryssing**

*Oppland fylkeskommune mener bestemmelsene til Bestemmelsesområde 2 – ny bru over Sjoa ivaretar vassdragshensyn på en god måte på dette stadiet, i og med at bruva ikke er detaljplanlagt enda. Vi vil vurdere tiltaket mer konkret når bruløsning og andre detaljer er klart. Kulturmiljøet på sørsiden/vestsiden av Gjendeosen er av høy verdi og de arkeologiske kulturminnene er svært sårbare. Det er viktig at reguleringsplanen legger til rette for et godt og varig vern av kulturmiljøet. Som bemerket ved varsel om oppstart er Kulturarv positive til at bruforbindelsen i høringsforslaget er knyttet sammen med eksisterende stinnettverk og er flyttet lengre ned i Sjoa. Dette demper presset på kulturmiljøet noe. Fylkeskommunen minner om viktigheten av at den fremtidige bruva får en utforming som passer godt med det omkringliggende landskapet. Denne løsningen vil også knytte bruva til eksisterende stier på begge sider av elva Sjoa på en hensiktsmessig måte. Det er verdifullt for alle kategorier turgående, men mest for dagsturisten og turgåere med små barn da man kan gå kortere turer. Dette er også verdifullt i et folkehelseperspektiv.*

##### **2. Serviceanlegg - Terminalbygg**

*Den nye revideringen av planen søker å skape tydelige grenser mot urørt natur for å hindre uønsket slitasje på sårbar natur. Derfor er ønsket å skape et mer kompakt anlegg som samler turistene på et mindre areal. Oppland fylkeskommune mener planen som nå foreligger bidrar til dette på en god måte, bla ved at servicebygget blir så lavt som 2,25 m gesimshøyde. Videre blir terminalbygget et naturlig skille mellom naturen og kulturen, noe som bidrar til å samle turistene på den god måte. Trafikkssikkerhet og universell utforming er lagt til grunn i utforming av fellesarealene i området ved servicebygget/ brygga. Det er viktig med bevissthet rundt disse temaene.*

##### **3. VA-løsning**

###### **VA-ledning**

*Høringsforslaget legger opp til videre bruk av det eksisterende avlopsanlegget på Gjendesheim. Den eksisterende VA-ledningen mellom renseanlegget og Gjendesheim tangerer grensen til hensynssonene rundt kulturmiljøet rundt Jo Gjende-bu. Gravearbeid i forbindelse med vedlikehold på ledningen kan ha negativ påvirkning på kulturmiljøet. Vi ber om at følgende tillegg innarbeides i planbestemmelsenes punkt 8.5.1. for bestemmelsesområde 1: «Ved vedlikeholdsarbeid på VA-ledningen skal hensynet til natur- og kulturmiljøet ivaretas. Terreng og vegetasjon i berørte arealer skal i størst mulig grad tilbakeføres.»*

##### **4 Parkering ved Reinsvangen**

*Oppland fylkeskommune er tilfreds med at parkeringsareal på østsiden av vegen er tatt ut av planen og mener 800 plasser er tilstrekkelig. Dette fører i tillegg til mindre inngrep i sårbar natur.*

##### **5 Diverse endringer/ tema**

###### **Universell utforming**

I planomtalens punkt 4.2.1 Retningslinjer for universell utforming: det er litt uklart hva som menes med rikspolitiske retningslinjer. Det er ikke vedtatt noen rikspolitiske retningslinjer fra departementet, men det finnes en rekke veiledere og håndbøker om temaet både fra departementet og fra Bufdir. Det er viktig at hovedløsningen blir utformet etter prinsippene om universell utforming. For eksempel finnes det retningslinjer for universell utforming av parkeringsareal som gir føringer om at 10 % av parkeringsplassene skal være universelt utformet. Det vises til planomtalens punkt 5.1.1; I følge tegning over Gjendeosen skal det legges til rette for 4 HC-plasser, av totalt 57 plasser. Dette følger ikke veiledende utforming iht bla Håndbok VI29 Universell utforming av veger og gater fra Statens vegvesen. Dette gjelder også for reguleringsbestemmelsene pkt 4.4.

#### Kulturminner til bevaring i reguleringsplanen

Planen omfatter fem hensynssoner for bevaring av kulturmiljø som er videreført fra gjeldende plan. De automatisk fredede kulturminnene ID 87721 steinalderlokalitet, ID 87717 gravrøys og ID 129105 kullfremstillingsanlegg er ikke korrekt avmerket i plankartet.

1. I plankartet er kulturminnelokalitetene regulert til formål bevaring av kulturminne/ kulturmiljø etter § 12-5 nr. 5 med tilhørende bestemmelser. Men den fredede sikringssonen på 5 meter rundt lokaliteten mangler dette reguleringsformålet. Kommunen må ta ut et oppdatert uttrekk av lokalitetsgeometriene med sikringssoner fra kulturminnedatabasen Askeladden til bruk som utgangspunkt for båndleggingen.

2. Utstrekningen til det automatisk fredede kulturminnet ID 87721 steinalderlokalitet er ikke korrekt. Lokalitetens geometri ble oppdatert i kulturminnedatabasen Askeladden i 2017. Et oppdatert uttrekk av lokalitetsgeometrien fra Askeladden vil gi korrekt lokalitetsavgrensning.

3. De automatisk fredede kulturminnene ID 87721 steinalderlokalitet, ID 87717 gravrøys og ID 129105 kullfremstillingsanlegg Kulturminnene er gitt romslige utvidede hensynssoner).

Hensynssonene er imidlertid ikke korrekt merket. Hensynsonen utenfor de fredede kulturminnene skal være etter PBL § 12-6 § jf. 11-8 c) skal merkes med SOSI-kode H570. Referanse til lovverk og SOSI-kode må rettes opp også i planbestemmelsenes § 8.4. Kommunen har i epost av 10.07.2019 bekreftet overfor Fylkeskommunen at ovenfor nevnte feil i plankartet rettes opp før endelig vedtak av planen".

#### Kommentar:

Administrasjonen merker seg at fylkeskommunen er tilfreds med utforming og plassering av terminalbygg, og meiner dette legg til rette for eit kompakt og funksjonelt anlegg for å handtere besökande på eit mindre område. Fylkeskommunen er oppteken av at framtidig bru over Gjendeelva får ei utforming som passer godt med det omkringliggende landskapet. Dette bør vere tilfredsstillande ivaretake i planforslaget da det i føresegne er sett krav om utgriing av landskapskonsekvensar. Føresegne om VA-leidninga er supplert i samsvar med fylkeskommunen sine innspel, og det same gjeld merknadene om kulturminne. Fylkeskommunen viser til føringer for dekning av HC-parkeringsplassar, noko som er teke inn i føresegne. Når det gjeld motsegn fremma vedr. kulturminne, skulle grunnlaget for denne falle bort med dei justeringar som er gjort i forhold til omsynssoner og tilhøryande føresegner. Innlandet fylkeskommune har i brev datert 4. mai 2020 bekrefta at grunngjevinga for fylkeskommunen sine motsegn fell bort etter at planen er justert. Planen kan dermed leggast fram for sluttbehandling og godkjenning.

#### **5. Mattilsynet:**

"Mattilsynet viser til oversende plandokumenter.

Viser til planomtalen «Detaljregulering for Gjendeosen – Reinsvangen i Vågå kommune», pkt. 5.6. «....Vassforsyning til Gjendesheim og Gjendeosen vert basert på eit felles, nytt vassverk ved Gjendesheim. Primærkilde er vatn frå Gjende, sekundærkilde er ein borebrønn i fjell ved Gjendesheim turisthytte ....». Mattilsynet ønsker følgende presisering/tillegg; «Det skal søkes plangodkjenning for nytt vassverk til Mattilsynet.»

Kommentar:

Mattilsynet sitt innspel til presisering/tillegg er teke inn i føresegne.

## 6. Vågå fjellstyre

"I høyring på forslag til revidert reguleringsplan for Gjendeosen – Reinsvangen viser fjellstyret til tidlegare innspel i oppstart av planarbeidet, og har følgjande merknader:

- Fjellstyret støttar forslag til endring av kryssingspunkt for bru over Gjendeelva og med justering av tilhøyrande stigsamband.
- Fjellstyret støttar forslaget om å ta ut regulert parkeringsareal mellom Gjendeelva og bilvegen på Reinsvangen.
- Fjellstyret meiner at plassering av planlagt servicebygg/terminalbygg på Gjendeosen må bli justert slik at ein sikrar fri og tilstrekkeleg passasje og plass på utsida av bygget også ved høg vasstand.
- Fjellstyret har ingen merknader til endringar i løysing for vatn og avløp, men meiner det er viktig at drifta av slamlagunene på sørsida av Gjendeleva blir utført på ein skånsam måte slik at det ikkje oppstår nye terrenginngrep her.

Av andre forhold knytt til arealbruken i det regulerte området, så vil fjellstyret peike på følgjande:

- Området ved Kråkåhølen er ikkje avsett til parkering, men har dei seinare åra vore nytta som parkeringsareal på dagar når det er fullt på Reinsvangen. Nå når Reinsvangen er ferdig utbygd, så meiner fjellstyret at dette arealet ikkje skal kunne nyttast til parkering lenger, og heller ikkje ved større arrangement.
- Fjellstyret meiner dette med telting er ei stor utfordring i området, noko som burde vore i meir regulerte former.  
Fjellstyret er oppteken av at parkeringa på Gjendeosen blir tilfredsstillande også for dei med bruksrett, og spesielt for fiskarar. I reguleringsplanen er det austafor bryggja avsett 14 plassar til dei med bruksrett. Det er viktig at parkeringsordninga for desse fungerer godt.
- Dersom det viser seg å bli ein del misnøye med endringa som er gjort i plassen for utkjøring av småbåtar, så meiner fjellstyret at Statens vegvesen må kunne gjennomføre justeringar. Det er elles viktig at arealet framfor denne utkjøringa ikkje blir brukt til parkering i fiskeesesongen på Gjende.

Kommentar:

Kråkåhølen skal ikkje nyttast til parkering. Dette er eit klart grep i planen. Det er viktig at arealbruken i området skjer i samsvar med reguleringsplan slik at ein ikkje undergrev planen og formålet med denne. Fjellstyret peiker på utfordringar med stor teltaktivitet i enkelte område på Gjendeosen og Reinsvangen. Ein må følgje med på utviklinga og finne gode måtar å hindre at område blir nedslitte eller foreureina/ forsøpla. God handtering av dette krev samarbeid mellom fleire aktørar.

## 7. Memurubu Turisthytte v. Advokat Thallaug

"Vi representerer Memurubu Turisthytte AS. Det vises til ovenstående reguleringsplan som er lagt ut til offentlig ettersyn. Merknadsfrist er satt til 12. august. Disse merknadene er således rettidige. Vår klients forretningsdrift er avhengig av den tilrettelegging og det antall parkeringsplasser som er i området. Det heter i punkt 5.1.1 i høringsforslaget at det i samsvar med tidligere avtaler er reservert 4 parkeringsplasser for vår klient.

Vår klient stiller seg uforstående til denne referansen samt til antallet. Det foreligger etter det opplyste ingen spesifikk avtale om antall parkeringsplasser i forbindelse med reguleringen. Vår

*klient har derimot gjentatte ganger vist til at de over årtier har hatt behov for, og benyttet, langt flere plasser. Det har vært en naturlig utvikling i takt med tid og forhold. Så også er det en naturlig utvikling ettersom parkeringsforholdene og veiene i området har blitt utbedret. Memurubu Turisthytte har flere ganger i prosessen med reguleringsplan spilt inn at de har behov for langt flere plasser, og at de over mange år har benyttet langt flere plasser, både til besøkende og til ansatte. De har etter det opplyste 20 stk på sin lønningsliste, i tillegg til servicefolk som også er innom og har behov for parkering. Det samme gjelder behov for plasser i forbindelse med daglig drift, slik som utfrakt av soppel. De har brukt antallet parkeringsplasser de har hatt behov for til enhver tid i den tro at de har hatt adgang til dette. En sterk reduksjon i antallet nå vil kunne få negative følger for virksomheten og driften. Vår klient opplyser at en slik begrensning som nå skisseres er ikke mulig å gjennomføre.*

*Det er viktig at dette blir fulgt opp i detaljplanen. På vegne av vår klient bes om at antallet oppjusteres. Videre har Memurubu behov for plass til varekjøring i vinterhalvåret, og viser til viktigheten av at vintervegen må ligge der den ligger i dag grunnet isforhold på Gjende i nærheten av brygga. Dette bes hensyntatt i planen."*

#### Kommentar:

Planrevisjonen legg ikkje opp til endringer i føresagnene for parkering på Gjendeosen. Tal parkeringsplasser var eit tema som var grundig drøfta ved utarbeiding av reguleringsplanen vedteke i 2012. Festeavtalene med Statskog om P-plassar på Gjendesosen låg da til grunn for planen, med 4 plassar til Memurubu. Andre aktørar i området har også ønskt seg fleire p-plassar. Det er ved planrevisjon ikkje lagt opp til å opne for ny fordeling av plassar, men at ein vidarefører oppsett fordeling av p-plassar for alle bruksrettshavarane.

#### 8. Grethe Hølmo

*"Vedlagt følger kopi av mine innspill tilsendt vedr varslet oppstart av detaljregulering for Gjendeosen- Reinsvangen med innkopiert det korte svar SVV henviser til vedr 1. gangs høring. Mine 3 innspill omfattet:*

1. *Utforming av servicebygget på Reinsvangen må endres hvis ikke dispensasjons søknad er avklart og det var det tydeligvis da bygget står oppført i dag og dette er derfor inget tema lenger !*
2. *Øst for brygge på Gjendeosen ble det av undertegnede praktisert gratis korttidsparkering inntil 1-2 timer og det er videreført av dagens og SVV sin driver, Besseggen 1743 a/s og korttidsparkering inntil 2 timer er presisert på Besseggen 1743 a/s sin hjemmeside også for 2019. Jeg er helt enig i at dette er den absolutt mest praktiske løsningen både før og etter visse tiltak iflg reg.plan av 2012.*

*Hovedkonseptet til SVV har hele tiden omfattet redusert trafikk til Gjendeosen og at alle må parkere på Reinsvangen og evt ta buss inn til Gjendeosen uansett om det er den store tilfeldige trafikken på minst 30-50.000 biler som kun ønsker en kort stopp på Gjendeosen eller de tidligere ca 15.000 biler som parkerte på Gjendeosen. Men dette konsept håper jeg SVV/Vågå Kommune har gått vekk fra og aksepterer at tilfeldige trafikanter kan kjøre helt frem til Gjendeosen og oppleve Gjendeosen/Gjende også for en kortere stopp på korttidsparkeringen. Mitt innspill var/er jo kun kort og godt: skal det være korttidsparkering på Gjendeosen eller skal det ikke være korttidsparkering ? Og dette må selvsagt avklares i forhold til reg.planen og jeg kan IKKE se at mitt innspill er besvart selv om SVV henviser til at dette er " ivareteke i ny plan" ?*

3. *Parkeringsplassen på Gjendesheim har både i reg plan av 2003 og av 2012 vært regulert til teltplass. SVV har offentlig informert at parkeringsplassen på Gjendesheim SKAL BESTÅ og det er jeg også helt enig i, men da må jo SVV avklare dette i forhold til reg.plan! Skal det være p-plass eller teltplass ? Og jeg kan heller ikke her se at dette er besvart selv om SVV henviser til at dette er " ivareteke i ny plan ?*

*Når det gjelder andre kommentarer om at jeg er enig i endring av brupassering så stemmer dette 100 % Og jeg er enig i at P5 og P6 tas ut av planen, men det skyldes det totalt selvmotsigende og unødvendige naturinngrep dette ville vært. SVV sin overordnede plan for Gjendeosen/Reinsvangen er, i mine øyne, for øvrig veldig lite praktisk og gjennomtenkt når det gjelder tilrettelagt, servicevennlig, framtidsrettet og miljømessig parkering og turisttrafikk. Imøteser svar på punkt 2 og 3 i videre behandling av revidert reguleringsplan."*

#### Kommentar:

Planforslaget legg rammer som opnar for å bygge i samsvar med framlagte skisser. Reguleringsplan er ikkje til hinder for at besökande kan kjøre til Gjendeosen og parkere i samsvar dei parkeringsreglar som gjeld, så sant det er ledige plassar her. Reguleringsplanen har ikkje attendeverkande kraft, men ved nye tiltak skal arealbruken vere i samsvar med planen. Planen presiserer at det innafor Gjendesheim sitt område kan opparbeidast teltplass. Areal avsett til parkering er vist med formål parkering.

#### **9. Elisabeth Bodin:**

*"Syner til saksdokument utsendt av Vågå kommune datert 14.06.2019.*

##### *Punkt 7. KONSEKVENSER AV TILTAKET*

###### *7.1 Landskap og terrenngrep.*

*Her heiter det mellom anna : " På Reinsvangen er parkeringsplass P4 etablert, ei vesentleg utviding av parkeringsarealet, men utan store landskapsmessige konsekvensar " ...  
Det er ein urimeleg påstand å hevde at opparbeiding av fleire hundre parkeringsplassar i tidlegare urørt landskap tett inntil ein nasjonalpark ikkje inneber store landskapsmessige konsekvensar.  
Tvert i mot er dette eit svært skjemmande inngrep sjølv om det er gjort forsøk på å dempe inntrykket ved bevisst å nytte organisk utforma kantliner. Den austlege delen av parkeringsarealet ( P4 ) framstår spesielt skjemmande med sitt enorme og monotone flateareal. Mitt forslag til å dempe dette inntrykket er at flata vert brote opp ved å etablere to mindre grøne "oaser" inne på området. På parkeringssletta er det per i dag allerede to strømstolper - den eine med ein stor stein inntil seg. Rundt desse stolpane - der ein uansett ikkje kan parkere - bør det byggjast opp grøne øyer /soner ved at det vert tilkjørt jordmasse som såast til - gjerne med eit buskas i tillegg. Fokuset vil da i tillegg også bli trekt bort frå stolpane. Dette er både eit enkelt og kostnadseffektivt tiltak som vil gje ein stor positiv visuell gevinst."*

#### Kommentar:

Reguleringsplanrevisjonen legg ikkje opp til endringar for p-arealet som er ferdig opparbeidd.

Kommunedirektøren meiner det er eit godt innspel og oppmodar tiltakshavar til å merke seg innspelet.

#### **Vurdering:**

Detaljregulering for Gjendeosen - Reinsvangen har vore på høyring i perioden 14.6 - 12.8 2019. Hovudføremålet med planendringa er i hovudsak å endre brupassering over Gjendeelva, planavklare planlagt løysing for vatn- og avløp på Gjendeosen og planavklare i forhold til endra utforming og plassering av servicebygg (terminalbygg) på Gjendeosen, samt redusere p-areal på vassdragsnært areal på Reinsvangen. Byggetrinn 1 er realisert. Planendringa skal gje nødvendig planavklaring for byggetrinn 2.

Det kom 9 uttaler til høyringa og kvar enkelt av dei innkomne uttalene er kommenterte i dette saksframlegget, og kommunedirektøren viser til sine kommentarar. NVE, Fylkesmannen og Fylkeskommunen fremma motsegn knytt til formelle feil og manglar i planforsлага innafor sine fagområde. Planforslaget vart justert for å ta omsyn til motsegna og justert planforlag vart oversendt til

fagstyresmakter for avklaring av motsegner i brev datert 2. april 2020. Dei har alle bekrefta at grunngjevinga for motsegna fell bort etter at planen er justert. Det har ikkje kome merknader på at justeringane i planen er av ein slik karakter at det utløyser eit nytt offentleg ettersyn. Kommunedirektøren meiner saka er tilstrekkeleg utgreidd og kan leggast fram for sluttbehandling og godkjenning.

**Kommunedirektøren si innstilling:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-12 blir forslag til detaljregulering for Gjendeosen – Reinsvangen godkjent.

**Saksprotokoll i Formannskapet - 09.06.2020**

**Behandling:**

Samrøystes

**Formannskapets framlegg:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-12 blir forslag til detaljregulering for Gjendeosen – Reinsvangen godkjent.

**Saksprotokoll i Kommunestyret - 23.06.2020**

**Behandling:**

Samrøystes

**Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-12 blir forslag til detaljregulering for Gjendeosen – Reinsvangen godkjent.